

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-Q80	22/440

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2023	Formannskapet	PS	02.02.2023
	Kommunestyret	PS	

Oppstart av etablering av busskantstopp med fortau ved Matre skule og prioritering av trafikksikringsmidlar for 2023

Vedlegg:

Journalposttittel

Tegningshefte

Dato

13.10.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune prioriterer følgjande trafikksikringsprosjekt i 2023:

- Busskantstopp på Matre

Det vert samstundes løyvd inntil krone 3. 000.000,- til prosjekt busskantstopp ved Matre skule, på vilkår at det vert tildelt fylkeskommunalt trafikksikringstilskot på krone 1.000.000,- i 2023, og at det vert klargjort restfinansiering, som vert innarbeidd i saldert budsjett 2023, før oppstart av prosjektet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta

Formannskapet handsama i sak 011/2022 i møte den 20.01.2022 prioritering av trafikktryggleikssøknader for 2022. Formannskapet gjorde då følgjande vedtak:

«Masfjorden kommune prioriterer følgjande trafikksikringsprosjekt i 2022:

- Fullføring av veglys Kvinge
- Fysiske tiltak for å auka trafikktryggleiken knytt til busshaldeplassen ved Matre skule som og kan inkludere å etablere snuplass for hente/bringeområde
- Sikringstiltak (støypekant) langs Hopselva på kommunevegen til Indre Hope

Vert det gjeve fylkeskommunale trafikksikringstilskot vil Masfjorden kommune finansiere inntil 50 % av investeringane, jf. kriteriene for å få tilskot.»

Prosjektet med støypekant langs Hopeelva vart fullført sommaren 2022, og veglypsprosjektet på Kvingo er snart gjort ferdig (stolpane er alt kome opp).

Arbeidet med busskantstopp på Matre har vore meir krevjande. I sak 011/22 vart det understreka at ein ikkje hadde på plass detaljane på korleis løysinga skulle sjå ut, og at ein ville senda inn to søknader, ein med vanleg busskantstopp, og ei alternativ løysing med rundkøyring for bussar.

I saka stod det følgjande om prosjektet ved Matre skule:

«B. Fysiske tiltak for å auka trafikksikkerleiken knytt til busshaldeplassen ved Matre skule.:

Den 4. november 2020 var representantar frå Masfjorden kommune, VY-buss og Vestland fylkeskommune på synfaring ved fylkesveg 5444 utanfor Matre skule. Bakgrunnen for synfaringa var bekymring for tryggleiken til skuleborna ved skulestart og slutt. Bekymringa var særleg knytt til tilhøva ved busshaldeplassen. På synfaringa var det semje om at tilhøva ikkje er optimale, sidan bussane delvis sperrar for øvrig trafikk på fylkesvegen, og fordi det ikkje er fortau/gangareal frå skuleporten og bort til der bussane stoppar. Det vart konkludert med at busshaldeplassen burde oppgraderast og at det bør byggjast fortau mellom skule og haldeplass og skilting. Det vart ikkje sett av kollektivmidlar eller trafikksikringsmidlar til dette tiltaket i forslaget til fylkesbudsjett for 2021, men fylket er no kjent med at det er eit behov for utbetring ved Matre skule, og har lova å vurdere tiltak her opp mot andre kollektiv- og trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet for dei komande åra.

Den 29.10.21 gjennomførte Miljøretta helsevern i Nordhordland eit tilsyn etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v." ved Matre skule, og eit av avvika var følgjande (sitat):

«Avvik 2: Det er ikkje trafikksikker på- og avstiging for elevar som kjem med skuleskyss/buss.

Avvik frå § 14; Sikkerhet og helsemessig beredskap.

Fylgjande observasjon liqg til grunn for avvik:

Statens vegvesen har etablert ny bru i området, som har teke større areal av vegen enn tidlegare bru. Skuleskyss/buss har ikkje tilfredsstillande snuplass og haldeplass, noko som kan medføre til bl.a. farlege situasjonar ved på- og avstiging. Det vurderast at trafikksikkerleiken er ikkje teken i vare.

Kommentar:

Skuleeigar v/Masfjorden kommune må saman med Statens vegvesen syte for trafikksikkert skuleskyss/buss-samband og haldeplass, slik at ikkje trafikksikkerleike situasjonar oppstår når elevar skal på/av bussen. Dei fleste ulykker i samband med skuleskyss skjer ved på- og avstiging»

Masfjorden kommune sende ei tilbakemelding på avvika i brev av 13.12.2021, og det har ført til at Miljøretta helsevern i brev av 05.01.2022, har sett ny frist til 01.06.2022 på å retta dette avviket.

På bakgrunn av dette har Masfjorden kommune no fått tinga ei meir detaljert løysing for kva som bør gjerast på denne staden, for å gjera området tryggare for elevane i samband med skulebusskøyringa med meir. Gjennomføring av tiltaket krev sannsynlegvis også løyve av anna grunneigar (Statsbygg).

I handlingsplanen til trafikksikringsplanen har dette tiltaket fått ID-nummer 15 under langsiktige tiltak på fylkesveg, og med høg prioritet.

Det kan og vera aktuelt å forbetre inn- og utkøyringa for privatbilar til skuleområdet i same prosessen. Det ligg og inne i trafikksikringsplanen som eit høgt prioritert langsiktig tiltak ID nr 62 med følgjande skildring: Etablere snuplass for hente/bringeområde. Etablere parkeringsplass inni snuplass. «

Nye opplysningar i saka:

Det vart laga skisseteikningar og stipulerte kostnadsoverslag over begge to alternativa, som vart sendt inn til fylkeskommunen i samband med søknaden om trafikksikringstilskot (frist 1 februar 2022). Vestland fylkeskommune valde ut løysinga med vanleg busskantstopp med fortau, basert på eit kostnadsoverslag på krone 806.000,-. Deira tilsegn om tilskot, jf. vedtak i trafikktryggingsutvalet den 10.03.2022 vart då på krone 403.000,- (50% av kostnadsoverslaget) til kantstopp på Matre.

Den 6 mai 2022 fekk føretaket Norconsult AS oppdraget med å laga byggjeplan for prosjektet, og deira konklusjon var at mange fagfelt måtte med i prosjekteringsarbeidet (veg, VA, elektro m.fl.) Under arbeidet med detaljprosjekteringa og byggjeplanen kom det opp krav om oppstramming av området, skiltplan, krav om veglys, flytting av leidningar med meir. Samstundes vart det jobba med kjøp av grunn hjå Statsbygg, og forhandla på plass ein gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen v/ avdeling for infrastruktur og veg stilte og krav knytt til detaljprosjekteringa, mellom anna om veglys og andre detaljar knytt til utforminga, som medførte at meir måtte gjerast enn opphaveleg tenkt. Ein viser til vedlagde byggjeplan med tekniske teikningar som skildrar tiltaket i detalj.

Saka vart i vinter sendt ut på anbod i medhald av anskaffingsregelverket og administrasjonen har i veke 4 gått gjennom innkomne tilbod (frist 20 januar 2023). Det viser at kostnadsramma som vart stipulert for eitt år sidan i samband med søknaden ikkje heldt. Det beste tilbodet ligg på rundt 2,7 million inkludert mva. I tillegg kom kostnaden med prosjekteringa og byggjeplanen, på rundt 300.000,-. På bakgrunn av dette ber rådmannen om at det vert løyvd krone 3 million til prosjektet.

Samstundes vil ein senda inn ny søknad til Vestland fylkeskommunen om trafikksikringsmidlar til dette prosjektet basert på dei nye realistiske kostnadsramma basert på inntekts tilbod.

Administrasjonen har hatt kontakt med tilsett i fylkeskommunen om at me kan senda inn ny søknad for 2023 (frist 1. februar) basert på den nye kostnadsramma. Etter regelverket knytt til desse midlane kan kommunen få inntil krone 1 million til eitt trafikksikringstiltak. Det tidlegare tilsegnet om tilskot på krone 403.000,- vil då falla bort. Kor vidt kommunen vil få eit slikt tilskot vert ikkje avgjort før trafikktryggingsutvalet sitt møte den 9 mars (sannsynlegvis).

Vurdering

Rådmannen meiner at dette er eit viktig trafikksikringstiltak og at det difor bør prioriterast høgt. På det tidspunktet saka var oppe sist, som prioriteringssak knytt til trafikksikringsmidlar, visste ein lite om kostnadane. At kostnadane har auka vesentleg enn opphaveleg stipulert i samband med trafikksikringssøknaden har mange grunnar. Noko skuldast den generelle kostnadsauken i samfunnet, andre moment handlar om at prosjektet ikkje var gryteklart og detaljprosjektert på det aktuelle tidspunktet søknaden vart sendt inn. Det kom og i etterkant inn krav frå vegmynde og andre om kva meir som måtte på plass, for at fylkeskommunen skulle kunna godkjenna og overta drifta av anlegget i samband med ferdigstilling. Ein rår til at det vert løyvd inntil krone 3 million på vilkår om at

fylkeskommunen kjem inn med eit tilskot på krone 1.000.000,-, og at det vert klargjort restfinansiering, som vert innarbeidd i saldert budsjett 2023, før oppstart av prosjektet.

Vidare vil ein peike på at denne typen trafikksikringsprosjekt er krevjande, der kommunen både må vera byggherre og ha gjennomføringsansvar, og at ein difor av kapasitetsmessige og økonomiske grunnar ikkje bør prioritere fleire fysiske trafikksikringstiltak i 2023. Kva fysiske tiltak som bør prioriterast for 2024 vil verta lagt fram som eiga sak hausten 2023.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert løyvd inntil 3 million til bygging av busskantstopp ved Matre skule. Samstundes rår ein til at dette tiltaket vert prioritert som einaste fysiske trafikksikringstiltak i Masfjorden i 2023, og at det vert klargjort restfinansiering, som vert innarbeidd i saldert budsjett 2023, før oppstart av prosjektet.

Formannskapet - 017/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune prioriterer følgjande trafikksikringsprosjekt i 2023:

- Busskantstopp på Matre

Det vert samstundes løyvd inntil krone 3.000.000,- til prosjekt busskantstopp ved Matre skule, på vilkår at det vert tildelt fylkeskommunalt trafikksikringstilskot på krone 1.000.000,- i 2023, og at det vert klargjort restfinansiering, som vert innarbeidd i saldert budsjett 2023, før oppstart av prosjektet.